

# BOKN KOMMUNE

## Kommunestyret

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 13.12.2016

**Møtetid:**

Kl. 19:00 –

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:**

062/16 - 069/16

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Osmund Våga	SP	Harald Øvrebø	SP
Eirik Nedrebø	SP	Geir Aksdal	SP
Kjetil Vatnaland	SP	Sandra Jøsang	SP

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Lars Sigmund Alvestad	Div.	

<b>Møteleiar:</b>	Tormod Våga
<b>Frå adm. møte:</b>	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingunn Toft, Kåre Bua
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	<p>Rettsak om kommunal kai på Are. Bokn kommune vart i dommen tilkjent eigedomsretten.</p> <p>Rådmannen har inngått ny arbeidsavtale om å stå i stillinga fram til 1. august 2020.</p> <p>Knarholmen næringsområde er stoppa pga Vegvesenet og evt. valg av ny vegtrase. Det er stor interesse frå div.næringsaktørar for området, men dette må ein avventa inntil Vegvesenet har fatta vedtak.</p>
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	<p>Frivillighetsfondet; Fondet på kr. 100.000,- er brukt opp. Ordførar foreslår at 25.000,- frå prosjektfondet overføres til frivillighetsfondet. Forslaget vart samrøysta vedtatt.</p> <p>Uttale frå fleire kommunar vedr. norske sjøfolk på norske båtar i norsk farvatn. Varaordføraren gjekk frå som ugild i drøftinga. Kan Bokn kommunestyret støtte forslaget? Eit samrøysta kommunestyre støtta forslaget.</p> <p><i>lønns og arbeidsvilkår</i></p>

Underskrifter:



## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
062/16	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.11.2016
063/16	Budsjett 2017 og økonomiplan 2018 - 2020.
064/16	Delegasjonsreglement for Bokn kommune
065/16	Trafikksikkerhetsplan for Bokn kommune 2016 - 2020
066/16	Avtale vertskommunesamarbeid - fornying av avtale rus og skjenkekontroll.
067/16	Interkommunal legevakt.
068/16	Godkjenning av planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2019.
069/16	Meldingssaker til kommunestyremøte 13.12.2016.

## **062/16: Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.11.2016**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

## **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

### **KS-062/16 VEDTAK:**

Møteboka vart godkjent slik ho låg føre.

## **063/16: Budsjett 2017 og økonomiplan 2018 - 2020.**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Vedlagte forslag til budsjett for Bokn kommune for 2017 blir vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 69.081.020,- på fylgjande rammeområde;

- Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen kr 15.450.500,-  
(Inkl. 1.000.000,- til reservert løyving)
- Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage kr. 25.754.000,-
- Rammeområde 3 Helse, sosial og barnevern kr. 22.237.200,-
- Rammeområde 4 Sosial og barnevern kr. 2.761.800,-
- Rammeområde 6 Teknisk kr. 2.877.520,-

Rådmannen får fullmakt til å omfordela tiltak på rammeområda.

2. Kommunestyret vedtek investeringar i 2017 ihht Budsjettskjema 2B;

kr. 46.900.000,-

Totale investeringar på 46,9 mill., kroner for 2017 vert finansiert av tilskot kr. 10.625.000,-, tomtosal 0,9. mill. kroner og låneopptak kr. 35.375.000,-.

3. Kommunestyret vedtek av driftsoverskotet på kr. 2.864.980,- vert sett av til disposisjonsfond.

4. Kommuneskatten for inntekt vert utlikna med 11,8% og formue med 0,7 %.
5. Eigedomskatt for verk og bruk for 2014 vert utskriven med 7%.
6. Bokn kommunestyre vedtek å innføra eigedomsskatt på hus og hytter i samsvar med eigedomsskattelovens § 3 bokstav a, frå og med 2018 med 2%, aukande til 3% i 2019 og 4% i 2020.
7. Bokn kommunestyre vedtar at barnehagesatsane vert justert frå 1. januar 2017 i samsvar med vedtatt maksimalpris. Deltidsplassar skal justerast forholdsmessig.
8. Maksimalsatsane for opphald i institusjon og hjelp i heimen fylgjer den til kvar tid gjeldande forskrift for eigenbetaling.
9. Dei øvrige framlagde satsane for kommunale avgifter og tenester for 2017 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativet.
10. Bokn kommunestyre vedtek å sette ned eit omstillingsutval med politikarar, kommuneleiinga og tillitsvalde. Omstillingsutvalet har som mandat å leggja fram forslag til tiltak som kan betre budsjettbalansen med 7 – 10 mill. kroner.
11. Bokn kommunestyre vedtek å sette ned eit utval som får i oppdrag å leggja fram alternative forslag til renovering/ombygging av Bokn skule.
12. Bokn kommunestyre vedtek å inngå ein samarbeidsavtale om byggesaksbehandling og behandling av plansaker med Karmøy kommune frå 1. august 2017. Samarbeidsavtalen legges fram for formannskapet til endeleg godkjenning.
13. Bokn kommunestyre seier opp avtalar med Tysvær kommune frå 1. januar 2018 som gjeld felles landbrukskontor og kart/oppmålingstenester samtidig som nye samarbeidsavtalar innan desse fagområda inngås med Karmøy kommune. Samarbeidsavtalane legges fram for formannskapet til endeleg godkjenning.

Bokn 21.11.2016

Jan Erik Nygaard  
Rådmann

Solrunn Alvestad  
Kommunalsjef

## **29.11.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-046/16 VEDTAK:**

Seniorrådet ber omstillingsutvalet beskriven i punkt 10 og vurdere innføring av egedomsskatt som del av sparepakken, samt at punkt 6 utgår.

Seniorrådet ynskjer at det vert vurdert å behalde Barne- og ungdomsarbeidar stillinga, men at korleis den er organisert bør vurderast.

Før oppeiing av avtale med Tysvær kommune ang felles landbruk, kartoppmåling mm. evaluerast.

Seniorrådet tok elles budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020 til orientering.

## **29.11.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt tillegg til pkt 10: 7 – 10 mill.kroner – for å ha en positiv budsjettbalanse.

### **Fellerforslag frå SP, H og Krf.:**

Går for rådmannens forslag til budsjett med følgende endringer:

Pkt. 6: Utgår

Nytt pkt. 11: Bogn kommunestyre vedtar å sette ned et utvalg som får i oppgave å legge frem forslag til ny skole på eksisterende tomt innenfor en ramme på 40.000.000,-.

Forslaget baseres på at bibliotekdel og bygningsmasse til dagens ungdomsskole bevares.

Forslaget skal også innbefatte ordning med midlertidig skole under byggeperioden.

Finansiering ses i sammenheng med en bedret budsjettbalanse beskrevet i pkt. 10.

### **Fellesforslag frå alle partier:**

Gebyr regulativet aukast med max 5%.

Leigeprisen for Ungdomsbustader vert auka med kr. 500,- i månaden, i tillegg til den ordinære indeksreguleringa.

### **Forslag frå Kari Christensen AP:**

Går for rådmannens forslag til budsjett med følgende endringer:

Pkt 6. utgår

Nytt pkt 14:

- a. Barne- og ungdomsarbeiderstillinga beholdes i 2017, med prioritering av tilbud / aktivitet for ungdom på Petra fredags- og lørdagskvelder.
- b. Det nedsettes en arbeidsgruppe på 7 personer med mandat å foreslå alternative driftsformer for Kyrkjebygd, med iverksetting i 2018. Ungdom og foreldre skal være representert i gruppa.

Nytt pkt 15:

Midler avsatt til frivillighetsentral nyttes til en gradvis oppstart av sentral i 2017, i samarbeid med frivillige organisasjoner og enkeltpersoner. Organisering og innhold i tilbudet defineres ut ifra lokale forutsetninger, behov og engasjement.

Nytt pkt 16:

Det avsettes midler til design og oppdatering av kommunens nettsider for å styrke ekstern informasjon og omdømmebygging. Temaer som bolig – og næringsarealer, gode bilder og historier / omtaler, rekreasjons- og turområder og Rogfastprosjektet prioriteres.

Gebyr regulativet aukast med max 5%.

Leigeprisen for Ungdomsbustader vert auka med kr. 500,- i månaden, i tillegg til den ordinære indeksreguleringa.

### **FS-078/16 VEDTAK:**

Fellesforlaget frå SP, H og Krf vart vedtatt med 6 mot 1 AP.

#### **Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
49844	korrigert budsjett 17
50032	Gebyrer 2017

## **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

### Forslag frå Kari Christensen AP:

Går for rådmannens forslag til budsjett med følgende endringer:

Pkt 6. utgår

Nytt pkt 14:

- a. Barne- og ungdomsarbeiderstillinga beholdes i 2017, med prioritering av tilbud / aktivitet for ungdom på Petra fredags- og lørdagskvelder.
- b. Det nedsettes en arbeidsgruppe på 7 personer med mandat å foreslå alternative driftsformer for Kyrkjebygd, med iverksetting i 2018. Ungdom og foreldre skal være representert i gruppa.

Nytt pkt 15:

Midler avsatt til frivillighetsentral nyttes til en gradvis oppstart av sentral i 2017, i samarbeid med frivillige organisasjoner og enkeltpersoner. Organisering og innhold i tilbudet defineres ut ifra lokale forutsetninger, behov og engasjement.

Nytt pkt 16:

Det avsettes midler til design og oppdatering av kommunens nettsider for å styrke ekstern informasjon og omdømmebygging. Temaer som bolig – og næringsarealer, gode bilder og historier / omtaler, rekreasjons- og turområder og Rogfastprosjektet prioriteres. Kr. 100.000,- vert sett av og dekket av overskotet for 2017.

Gebyr regulativet aukast med max 5%.

Leigeprisen for Ungdomsbustader vert auka med kr. 500,- i månaden, i tillegg til den ordinære indeksreguleringa.

### KS-063/16 VEDTAK:

Forslaget frå formannskapet vart vedtatt med 14 mot 3 stemmer (AP)

### 064/16: Delegasjonsreglement for Bokn kommune

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyre vedtek det overordna delegasjonsreglement for Bokn kommune i sin heilhet, slik det er lagt fram i forslag til Delegasjonsreglement for Bokn kommune med fylgjande endringar:

- a) Under kapittel om FORVALTNINGSSTYRET SITT MYNDE og underkapittel DELEGASJON ETTER SÆRLOV skal det under avsnitt om *Konsesjonsloven av 28. november 2003 nr. 98 og Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23* som første strekpunkt i oppramsing bli skrive inn
  - Å ta avgjørelse i landbrukssaker etter § 3 i jordlova.
  
- b) Under kapittel om RÅDMANNENS MYNDE og underkapittel 2. DELEGASJON ETTER SÆRLOV skal det under avsnitt om *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71* i 6. ledd om dispensasjon bli føyd til:

Vedtak etter § 19 skal i ettertid bli referert i forvaltningsstyret.

-----  
Jan Erik Nygaard  
rådmann

### **25.10.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

#### AD-001/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart vedtatt. Rådmannen utarbeider reglement for Adm.utvalget.

### **26.10.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

#### FV-041/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt med endring som fylgjer:

- c) Under kapittel om FORVALTNINGSSTYRET SITT MYNDE og underkapittel DELEGASJON ETTER SÆRLOV skal det under avsnitt om *Konsesjonsloven av 28. november 2003 nr. 98 og Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23* som første strekpunkt i opprømsing bil skrive inn

- Å ta avgjørelse i landbrukssaker etter § 3 i jordlova.

- d) Under kapittel om RÅDMANNENS MYNDE og underkapittel 2. DELEGASJON ETTER SÆRLOV skal det under avsnitt om *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71* i 6. ledd om dispensasjon bli føyd til:

Vedtak etter § 19 skal i ettertid bli referert i forvaltningsstyret.

## **29.11.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-047/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt framlegg til vedtak, men med merknad om fjerning av «bergnabben» langs fylkesvegen på Austre Bokn.

## **29.11.2016 FORMANNSKAPET**

### **FS-082/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

## **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

### **KS-064/16 VEDTAK:**

Forslaget frå formannskapet vart samrøysta vedtatt.

## **065/16: Trafikksikkerhetsplan for Bokn kommune 2016 - 2020**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**



Forslaget til revidert trafikksikkerhetsplan for perioden 2016-2020 som ble lagt fram for formannskapet i møte den 30.08.2016 opprettholdes med følgende tillegg/endringer:

1. Arbeidet med å komme fram til en plan for utbedring og gjennomføring av trafikksikkerheten i Ognøykrysset skal gis særlig prioritering. Statens vegvesen og Bokn kommune anmodes om å legge fram en gjennomføringsplan innen 1 juli 2017.
2. Statens vegvesen anmodes om å innføre faste rutiner for beskjæring av trær og vegetasjon langs fylkesvegene. Tilsvarende rutiner skal innføres av kommunen for vedlikehold langs kommunale veger.
3. Statens vegvesen anmodes om å prioritere oppgradering/utbedring av fylkesvegparsellen mellom Torland og Trosnavåg.
4. Bokn kommune skal årlig vurdere å gi tilbud til ungdomsskoleelever om trafikkalt grunnkurs.
5. Tiltak om separat gang/sykkelveg langs E39 mellom krysset på Austre Bokn og Susort tas ikke inn i planen for perioden 2016-2020

## **29.11.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-047/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt framlegg til vedtak, men med merknad om fjerning av «bergnabben» langs fylkesvegen på Austre Bokn.

## **29.11.2016 FORMANNSKAPET**

### **Fellesforslag SP, H, AP og Krf**

Rådmannens forslag til vedtak med følgende endringer:

Endret Pkt. 5: Bokn kommune vil i planperioden vurdere tiltak som kan bedre forholdene for myke trafikanter på strekningen mellom krysset på Austre Bokn og Susort.

Nytt Pkt. 6: Tiltak om veilys fra rundkjøring rundt barnehage og langs fotballbanen.

### **FS-079/16 VEDTAK:**

Fellesforslaget vart samrøysta vedtatt.

## **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

### **KS-065/16 VEDTAK:**

Formannskapet sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

### **066/16: Avtale vertskommunesamarbeid - fornying av avtale rus og skjenkekontroll.**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Bokn kommunestyre vedtar å fornye avtale om interkommunalt samarbeid mellom kommunene Bokn, Vindafjord, Etne, Karmøy, Haugesund, Sveio, Tysvær, Suldal og Sauda om gjennomføring av salgs- og skjenkekontroll etter alkoholforskriftens kap. 9 samt tilsyn etter tobakksskadeloven.
2. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen i medhold av kommunelovens § 28-1 b, og Sauda kommune har funksjonen som vertskommune. Samarbeidet er kalt NoRoSun Skjenke- og Salskontroll.
3. Kommunestyret gir med dette rådmannen fullmakt til å undertegne den interkommunale samarbeidsavtalen om salgs- og skjenkekontroll og tilsyn etter tobakksskadeloven med vertskommunen gjeldende fra 01.01.2017.
4. Rådmannen gis videre fullmakt til å godkjenne endringer i framlagte samarbeidsavtale, retningslinjer, instruks for koordinator, endringer i antall deltakerkommuner mm dersom endringene ikke er av prinsipiell karakter eller har vesentlige økonomiske konsekvenser.

## **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

### **KS-066/16 VEDTAK:**

Formannskapet sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

### **067/16: Interkommunal legevakt.**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Det etableres en interkommunal legevakt for Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Bokn og Utsira i aksen Norheim – Raglamyr område jf. Vedlagt rapport.
2. Bokn kommune stiller seg positiv til at Karmøy kommune påtar seg vertskommuneansvar for drift av interkommunal legevakt.
3. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å inngå avtale om drift av ØH-senger, enten samlokalisert med interkommunal legevakt eller i annet interkommunalt samarbeid.

### **13.12.2016 FORMANNSKAPET**

#### **FS-087/16 VEDTAK:**

Eit samrøysta formannskapet rår til at rådmannen sitt forslag vert vedtatt.

#### **067/16: Avtale vertskommunesamarbeid - fornying av avtale rus og skjenkekontroll.**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Bokn kommunestyre vedtar å fornye avtale om interkommunalt samarbeid mellom kommunene Bokn, Vindafjord, Etne, Karmøy, Haugesund, Sveio, Tysvær, Suldal og Sauda om gjennomføring av salgs- og skjenkekontroll etter alkoholforskriftens kap. 9 samt tilsyn etter tobakksskadeloven.
2. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen i medhold av kommunelovens § 28-1 b, og Sauda kommune har funksjonen som vertskommune. Samarbeidet er kalt NoRoSun Skjenke- og Salskontroll.
3. Kommunestyret gir med dette rådmannen fullmakt til å undertegne den interkommunale samarbeidsavtalen om salgs- og skjenkekontroll og tilsyn etter tobakksskadeloven med vertskommunen gjeldende fra 01.01.2017.
4. Rådmannen gis vidare fullmakt til å godkjenne endringer i framlagte samarbeidsavtale, retningslinjer, instruks for koordinator, endringer i antall deltakerkommuner mm dersom endringene ikke er av prinsipiell karakter eller har vesentlige økonomiske konsekvenser.

### **13.12.2016 FORMANNSKAPET**

#### **FS-088/16 VEDTAK:**

Eit samrøysta formannskapet rår til at rådmannen sitt forslag vert vedtatt.

### **13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

## KS-067/16 VEDTAK:

Formannskapet sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

## 068/16: Godkjenning av planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2019.

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune godkjenner planstrategi for 2016 – 2019 slik han ligg føre med utdjuping og endring som fylgjer:

#### **1. Bokn kommune vil halda fram som eigen kommune**

Det er viktig å visa vegen mot ei framtidig driftsform som står i høve til dei økonomiske rammene kommunen kan rekna med å ha i framtida. Det er vedteke å setja ned eit utval som skal finna løysingar på korleis ein skal redusera driftskostnadene i takt med at rammene blir reduserte. Eit viktig verkemiddel kan vera samarbeid med ein nabokommune for å få del i kompetanse og stordriftsfordeler. Slike drøftingar må rådmannen setja i gong så snart det let seg gjera.

Nødvendige endringar i eigen organisasjon og avtalar med samarbeidande kommunar skal i det alt vesentlege vera sett i verk i perioden 2017 - 2020.

#### **2. Vidare arbeid med kommuneplanen i perioden 2016 – 2019**

Det blir ikkje gjennomført hovudrevisjon av gjeldande kommuneplan 2012-2019 i inneverande valperiode 2016-2020. Ein skal likevel gjera endringar i planen, som er naudsynte for at strategiane i dette dokumentet kan bli rettskraftige. Dette gjeld mellom anna geografisk avgrensing av ulike plankrav i sentrumsområda. Det skal arbeidast ut nye retningslinjer for bygging av brygger og naust som er i samsvar med tankane i planstrategien. Økonomiplan og bustadbyggeprogram skal reviderast årleg.

#### **3. Reguleringsplanlegging i perioden 2016 – 2019**

Ein skal gå vidare med områdereguleringsplan for området mellom E39 og sjøen sør for Knarholmen så snart det let seg gjera.

Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for kollektivterminal ved E39 med venterom, servicetilbod og parkeringsplassar ved E39 på Vestre Bokn.

Kommunen vil prioritera planar for å utvida Føresvik sentrum på Holmen og på fylling i sjøs aust og nord for Holmen. For å fremma dette prosjektet vil ein ta bustadområda B9, B10 og B13 vest for Føresvik ut av kommuneplanen. På grunn av knapp tid må saksgangen truleg bli at reguleringsplanen for sentrum - Holmen må handsamast fyrst, og at ein i ettertid legg han inn i kommuneplanen ved neste revisjon. Like eins må ein taka ut områda i vest i denne revisjonen.

#### **4. Gjeldande planar som blir vurdert revidert eller oppheva**

Utbyggingsområde der det ikkje er starta arbeid med reguleringsplan innan utgangen av 2018 vil bli vurdert tatt ut av kommuneplanen.

Reguleringsplanar der det ikkje er starta opparbeiding av infrastruktur innan utgangen av 2017 vil bli vurdert oppheva.

**FS-086/16 VEDTAK:**

Eit samrøysta formannskap rår til at forslaget frå Lars Sigmund Alvestad, H, vert vedtatt.

**13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

**KS-068/16 VEDTAK:**

Forslaget frå formannskapet vart samrøysta vedtatt.

**069/16: Meldingssaker til kommunestyremøte 13.12.2016.**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

**13.12.2016 KOMMUNESTYRET**

**KS-069/16 VEDTAK:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

Forslag frå rådmannen;

Forslag til tillegg/ending side 8 i planforslaget etter innspill frå Bokn fiskarlag:

### Havbruk og Fiske

BOKN KOMMUNE HAR 5 GODKJENTE LOKALITETAR FOR AKVAKULTUR:

- LAUPLANDSHOLMEN
- HOGNALAND OG TROSNÁVÁG (SETTEFISK)
- TOLLAKSHOLMEN (STAMFISK)
- NAUTØYA (KAMSKJEL)

Havbruksnæringa representerar viktige arbeidsplassar i kommunen, og det er små konflikter knytt til verksemda på dei ulike lokalitetane.

Kommunen vil vera positiv til å leggja tilhøva til rette for vidare utvikling av denne næringa, det vera seg ved utgreiing av nye lokalitetar eller ved å frigjera areal til produksjon av varer og tenester til næringa. Forsyningsteneste til næringa vil ha fordel av nærleik til skipsleia og E 39.

*Bokn kommune har tradisjonelt vore ein viktig fiskerikommune med både større og mindre bruk.*

*Fortsatt står fiskeriene på Bokn sterkt med ein fin blanding av unge som satsar på ei framtid innan denne næringa i tillegg til godt etablerte fiskarar som arbeider aktivt og har store planar for å utvikla si næring.*

*Kommunen vil arbeide aktivt for å ta vare på og å vidareutvikle denne næringa gjennom mellom anna av å finna ein god balanse mellom avsetting av areal på sjø til havbruk samstundes som en tar vare på*

Forslag frå Kari Christensen, AP;

Tillegg til pkt 5.

Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsstrategi som bl.a. kan bidra til økt næringsaktivitet og arbeidsplasser i Bokn.

Forslag frå Emilie Eikje SP:

Tillegg til Pkt.3.3 Klima & miljø; 3.3.1. Viltforvaltning; Det har over fleire år blitt eit aukande problem med beiteskader frå gås, særleg grågås. Beiteskadene skjer både på vårbeite, men og gjennom sommaren fram til jakta. For dei som er hardast råka gir det store produksjons- og økonomiske tap. Kommunen skal ha ein strategi for forvaltning av grågås.

Forslag frå Lars Sigmund Alvestad, H;

Rådmannen sitt forslag med dei 3 tilleggsforslaga vert vedtatt